



«MottakerNavn»

«Adresse»

«Postnr» «Poststed»

«UtlandsAdresse»

Saksbehandlar	Tlf. direkte innval	Saksnummer	Dykkar ref.	Dato
Vilde Røyrvik Grøtte	473 56 236	2025/7055	«REF»	16.06.2025

DELINGSLØYVE – delegert vedtak

Tiltak:	Oppretting av matrikkeleining - grunneigedom
Deling frå Gnr/bnr:	91/2
Tiltakshavar:	RBV EIGEDOM AS, Seimshagen 44, 5472 SEIMSFLOSS
Ansvarleg søker:	RBV EIGEDOM AS, Seimshagen 44, 5472 SEIMSFLOSS
Frådelt parsell skal nyttast til:	Forretning og bustad

Delegert vedtaksnr.: 2025/199

Med heimel i plan- og bygningslova (PBL) §§ 20-4 og 26-1 vert søknad journalført 20.05.2025 og tilhøyrande situasjonsplan og avtalar, godkjent.

Det kom nabomerknad frå eigar av 91/29 vedrørande planteikningar for planlagt bebyggelse, men eigar har ikkje merknader til sjølve frådelinga. Nabomerknaden vert teke til følge ved eventuell byggjesøknad.

Vilkår:

1. Parsellen lyt delast i samsvar med reguleringsplan med planid.:4617_19830001 - Seim Sentrum og gjeldande kommuneplan.

Det kan haldast oppmålingsforretning når fristen for klage er gått ut.

Løyvet er gyldig i 3 år frå vedtaksdato, etter denne tid fell løyvet bort. Dersom føresetnadane vert endra i høve til dette løyvet, må det søkjast om endring av løyve.

Dette løyvet er eit enkeltvedtak som ein kan klaga på etter vilkåra i forvaltningslova § 28 og pbl § 1-9. Klagefristen er 3 veker i frå løyvet vert motteke.

Grunnlag for løyvet

- Arealstatus: Den omsøkte arealbruken er i samsvar med reguleringsplan og kommuneplan
- Nabovarsel: Naboar og gjenbuarar er lovleg varsla. Nabomerknad er ikkje teke til følgje, sjå vedtaket ovanfor
- Tilkomst: jf. *PBL § 27-4*
- Avløp: jf. *PBL § 27-2*
- Vassforsyning: jf. *PBL § 27-1*
- Naturmangfaldlova: Ingen truga artar eller naturtypar er registrert i området.
- Kulturminne: Tiltaket ligg i båndleggingssone «H730_17» i kommuneplan. Her er det registrert kulturminne «**Seim Fetts. Fk. ½, Gravminne**». Vedtak vert sendt på høyring til Kulturmiljømynde Vestland Fylkeskommune
- Tiltaket krev ikkje ytterlegare løyve frå andre mynder

Merknader

- Rekning for behandlingsgebyr ifølge vedtekne gebyrregulativ vert sendt frå økonomikontoret til søkjar.

Alle lovtilvisingar i dette løyvet kan ein finna under internettportalen: **www.dibk.no**

For kommunedirektøren i Kvinnherad

Vilde Røyrvik Grøtte
Saksbehandlar geodata

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift

Kopi til:

Referatsak forvaltningsutvalet
<Eventuell kjøpar...>